

**Fra:** Vigleik M. Ypsøy <vigleik@kystgard.no>  
**Sendt:** onsdag 14. september 2022 18:58  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Innspel kommuneplan  
**Vedlegg:** Innspel kommuneplan Austre Vika.pdf; Innspel kommuneplan Minihytte.pdf

Innspel til revidering av kommuneplan Alver, frå Ypsøy Kystgard, gnr. 350. bnr 3.:

Spreidt Næring:

- Skissert areal i Austre Vika:

Restaurering av gamal husmannsplass frå 1800-talet til bruk for gardsturisme og Inn på Tunet. Det er allereie restaurert ein driftsbygning på husmannsplassen med midlar frå SMIL. Området vil framleis ha tilgjenge for allmenn ferdsle.

- Skissert areal i tunet for oppsetting av minihytte for utleige:

Det er aukande etterspurnad for leige av miljøvennlege minihytter. Det er tenkt ei miljøvennleg hytte på under 40m2. Hytta skal reisast på søyler og det skal ikkje sprengast fjell. Det er snaufjell der hytta skal stå.

Det skal ikkje settast opp gjerde slik at sauer kan beite innanfor område.

Veg, vatn og straum er opparbeida fram til arealet. Båtplass er tilgjengeleg på bruket.

- Tilføyning av eksisterande område SN 7 for spreidd næring på Ypsøy Kystgard

Ber om at område SN 7 får likt føremål som SN 6.

Det er aukande satsing på reiseliv i Nordhordland Biosfæreområde, Ypsøy Kystgard er likevel ikkje eigna for masseturisme. Satsinga gjeld økologisk og miljøvennleg gardsturisme med mindre grupper /familiar og Inn På Tunet med avlastningsmoglegheit for helsetenesta i kortare periodar.

Venleg helsing

for Ypsøy Kystgard,

Vigleik M. Ypsøy  
Øpso 17  
5917 Rosslund  
Tlf.: 95061191